

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/18	Kommunestyret	PS	18.10.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 141	17/963

Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 - Tredje gongs offentlig ettersyn

Vedlegg

Geir Åge Nesbø - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Aksjonsgruppa nei til rasering av Åråsvågen og Øksnesmarka - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Didrik Lerøy - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Bergen og Omland Havnevesen - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Lena og Vegard Sognefest - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Kopi av brev vedr. førespurnad om vern av Børildosen

Førespurnad om vern av Børildosen

Foreløpig rapport fra feltarbeider i områder Øksnes del A

Naturvernforbundet Nordhordland - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Tilleggsfråsegn Øksnesmarka

Åråsvågen Velforening - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Nordhordland turlag - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Per Lerøy - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Nordhordland Næringslag - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Statens vegvesen - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Odd Haugen - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Tore Svendsen - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel (L)(100721)

Helge Hopland - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Eide Fjordbruk AS - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Notat RB 09-02-2018

Austrheim Landbrukskvinnelag - merknad til andre gongs offentlig ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Mastrevik Eigedomsselskap AS - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Åshild Helene Hedstrøm - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Helge Dyrkolbotn - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Ailin Salbu - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Invest in Bergen - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Kystverket - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Fiskarlaget Vest - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Fiskeridirektoratet - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Forum for Natur og Friluftsliv - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Hordaland fylkeskommune - merknad til andre gongs off. ettersyn - kommunen sin arealdel 2017 - 2027

Forslag til handelsføresegn for Austrheim KPA

Samordna uttale med motsegn - andre gongs offentleg ettersyn av kommunen sin arealdel 2016 - 2027

Innspel - industriområdet i Øksnesmarka (L)(95776)

Førespurnad vedr. vassforsyning i Austrheim kommune (L)(92889)

PlanskildringFerdig18

Føresegner kommuneplanen

Revidert_Rapport_KU_Austrheim_18.10.2018

Kommuneplan revidert 2018-A

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune legg kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 ut til tredje gongs offentleg ettersyn. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 18. oktober 2018. Merknadsfrist vert sett til 05.12.2018. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-14.

Kommunestyret - 077/18 - 18.10.2018

KS - behandling:

Asbjørn N. Toft innleia om planen og arbeidet med plan.

Framlegg frå Jan Erik Espelid (V):

Området N18 (Øksnesmarka) gjerdes om til område for LNF i forslag til arealplan.

Venstre fremma ønske om prøvevotering for dette framlegget. Det vart ikkje gjort.

Reidar Øksnes (Sp) la fram to forslag:

1. Austrheim kommune legg kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 ut til tredje gongs offentleg ettersyn med fylgjande endringar i forslag frå rådmannen: Øksnesmarka, N18,

nemnd som tiltak 210 i "Føresegner til kommuneplanene sin arealdel", vert sett som LNF- område. Jamfør forslag ved først gongs utsending.

2. Øksnesmarka, N18, tiltak 120, Børidlosen tiltak 127 alt. 1 og 2 ved tatt ut av høringsforslaget og gjennomgått på nytt i forhold til konsekvensutredning på sjø og land.

Det også konsekvensar av tilførselsvegar, vatn og anna infrastruktur vert utreda.

Reidar Øksnes (Sp) trekte seinare forslag 1 og fremja berre forslag 2.

Jan Erik Espelid (V) trekte sitt framlegg.

Det låg såleis føre to framlegg: Rådmannen sitt og Reidar Øksnes (Sp) sitt framlegg nr. 2

Gruppemøte

Etter gruppemøtet:

Det vart stemt over Reidar Øksnes (Sp) sitt framlegg nr. Frammlegget fekk 7 stemmer (Reidar Øksnes Sp, Jan Erik Espelid V, Liv Ulvøy V, Jorund Stellberg uavh, Magnus Kvingedal H, Anne Dahle Austrheim Krf, Randi Dyrøy Krf) Forslaget fall.

Rådmannen sitt framlegg fekk 13 stemmer for og 4 stemmer mot

Dei som stemte for:

Per Lerøy Ap, Siri Kaland Ap, Hardy Pedersen Ap, Merethe Tresvik Ap, Asbjørn Brandtun Ap, Monika Thorpe Ap, Tore Austrheim Ap, Ivar Bergsvik Ap, Jorund Stellberg Uavh, Viggo Leirvåg H, Morten Sognnes H, Magnus Kvingedal H, Jan Erik Espelid V

Dei som stemte mot:

Liv Ulvøy V, Reidar Øksnes Sp, Anne Dahle Austrheim Krf, Randi Dyrøy Krf

Rådmannen til framlegg vart såleis vedteke.

Reidar Øksnes (Sp) varsla at han ville setja i verk ein prosess inn mot lovlegheitskontroll på vedtaket og prosessane som hadde ført til dette vedtaket.

KS - vedtak:

Austrheim kommune legg kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 ut til tredje gongs offentleg ettersyn. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, inkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 18. oktober 2018. Merknadsfrist vert sett til 05.12.2018. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-14.

Saksopplysninger:

Plandokumenta til kommuneplanen sin arealdel som er datert den 18. oktober 2018 er no klar til å leggst ut på tredje gongs offentleg ettesyn. Verksemda Multiconsult AS har utarbeidd plankartet og gjort *Konsekvensutgreiing og ROS analyse (KU)* også på dei siste større endringar som er gjort i kommuneplanen etter andre gongs offentleg ettersyn. Endringar som er gjort i kommuneplanen etter første gongs offentleg ettersyn er også samla her. I den vedlagte reviderte KU-rapporten er det eit lite tillegg i innleiinga som forklarar dette. Elles er nr. 120, Øksnesmarka endra inne i rapporten på grunn av at dette næringsarealet er vorte redusert frå om lag 900 til 550 dekar. Vesentlege endringar på plankartet som Grunnosen nr. 132, Vardetangen nr. 133 og Rebnor nr. 134 er kome med til slutt i rapporten som er datert 18.10.2018. Endringane gjeld:

Nr. 120 Øksnesmarka (revisjon av KU nr 120 frå etter 1. gongshøyring). Redusert næringsområde.

Nr. 132 Grunnosen (ny KU etter 2. gongshøyring). Auke av omsynssone Naturmiljø.

Nr. 133 Vardetangen (revisjon av KU nr 71 frå før 1. gongshøyring). Redusert bustadområde.

Nr. 134 Rebnor (revisjon av KU nr 91 frå før 1. gongshøyring). Redusert campingområde.

Austrheim kommune har elles utarbeidd plandokumenta i dialog med Fylkesmannen i Hordaland og andre offentlege instansar. *I statlege retningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er Austrheim kommune vurdert som eit område med mindre press på areala. I slike område vil kommunen i større grad kunne opne for bygging i strandsona enn andre kommunar med større press.*

Kommuneplanen utfyller eldre reguleringsplanar der tema ikkje er handsama i reguleringsplan, slik som fastsetting av byggegrense mot sjø. Der detaljar i reguleringsplanen viser føremål som naturleg høyrer til hovudføremålet som til dømes bustader, grønstruktur, leikeareal, vegar eller parkbelter/bufferzoner i næringsområde, gjeld desse framføre kommuneplanen.

Kommuneplankartet som no dekkjer heile Austrheim kommune har med tidlegare kommunedelplanar for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes (godkjent i 2010) og den interkommunale Fensfjordplanen (godkjent i 2013). Kommuneplanen sin arealdel er difor no ein samla arealplan som dekkjer alle tema som er naturleg i ein kystkommune som Austrheim.

Historikk

I planstrategien for perioden 2012-2015 vart det vedteke å utarbeide ny kommuneplan.

Planprogrammet vart godkjent i 2013. Samfunnsdelen vart vedteke i 2015. Austrheim kommunestyre vedtok i møte den 7. april 2016 å leggje kommuneplanen sin arealdel ut til første gongs offentleg ettersyn. Det kom inn totalt 35 merknadar. Alle merknadane vart handsama i kommunestyret den 22.02.2017. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av merknadar som førte til endringar i kommuneplanen etter den første høyringa vart gjort av verksemda Muliconsult AS, dokumentet vart datert 30.11.2017.

Austrheim kommunestyre vedtok den 14. desember 2017 å leggje kommuneplanen sin arealdel med sine plandokument ut til andre gongs offentleg ettersyn. Høyringsfrist vart sett til 15. februar 2018. Det kom totalt inn 20 private og 6 offentlege merknadar. 16 av dei private merknadane tek opp Øksnesmarka. Det kom inn motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, Region vest. Desse motsegna er handsama under merknadshandsaminga under. Det er gjort konsekvensutgreiing og ROS-analyse av merknadar som har førte til større endringar i kommuneplanen sin arealdel etter andre gongs offentleg ettersyn.

Om det ikkje vert motsegn frå offentlege instansar eller gjort vesentlege endringar etter tredje gongs offentleg ettersyn så kan kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2018-2028 vedtakast i 2018. Kommuneplanen kan ikkje vedtakast utan at ei motsegn vert formelt trekt. Det kan koma forslag til endringar på det som Austrheim kommune no sender ut på tredje gongs offentleg ettersyn som det er naturleg å sjå på med nye auge. Det er ikkje vanleg å ta inn nye innspel/merknadar i slutfasen av ein kommunplanprosess, eller gjera vesentlege endringar som krev ei høyring til (offentleg ettersyn) etter plan- og bygningslova.

Austrheim kommune har hatt to møte med Fylkesmannen i Hordaland vinteren 2018. Det første uformelle drøftingsmøte vart halde 13.02.2018. Der vart det drøfta korleis kommunen kunne kome vidare med planen på punkt der Fylkesmannen hadde vurdert mogeleg motstrid med statlege interesser i planlegginga. Det siste møtet som var eit formelt dialogmøte vart halde den 11.04.2018. Til stades frå Austrheim kommune var Per Lerøy, ordførar, Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar og Thomas Lindås, byggesakshandsamar/ jurist. Frå Fylkesmannen Lars Sponheim, fylkesmann, Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Kjell Kvingedal, avdelingsdirektør, Egil Hauge, fagdirektør og Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar. På dette møtet la kommunen fram forslag til løysingar på merknadar som

Fylkesmannen hadde i møtet. Samstundes vart fristen for Fylkesmannen for å gje uttale utsett til etter dette møtet. Referat og oppsummering frå dette møtet er vedlagt. Fylkesmannen i Hordaland sin **Samordna uttale med motsegn er** datert den 25.04.2018. Det som kom fram her av konklusjonar har vore førande for korleis merknadshandsaminga til Austrheim kommune vart etter andre gongs offentleg ettersyn. Austrheim kommune har i sitt kommuneplanarbeid hatt nær dialog med Fylkesmannen i Hordaland og andre offentlege instansar fram til oktober 2018.

Merknadar:

Desse 26 merknadane kom inn i samband med andre gongs offentleg ettersyn (to merknadar kom inn før, dei er og merknadhandsama):

1.Vidar Mjøs, datert den 17.11.2017. Han viser i sitt skriv til følgjande dokument som er vedlagt.

Desse er:

- Formannsskapsak 221/00 (og 004/01)
- Tilbod herifrå av 14. september 2001, til Austrheim kommune.
- Rapport herifrå datert 28. desember 2001 : «grunnlag for igangsetting av arbeid med reguleringsplan»

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune held på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert dette næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover. Totalt vert næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Fylkesmannen i Hordaland sin **Samordna uttale med motsegn** datert den 25.04.2018 er førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.*

2.Tore Svendsen, datert den 08.10.2017. Han lurar på kva tidsperspektiv kommunen ser for seg når det gjeld vassforsyning til Øksnesmarka.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune tek merknaden til orientering. Me viser elles til det ordføreren skriv i eit brev til aksjonsgruppa **Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen** om at vassforsyninga i Austrheim er i kontinuerleg utbygging og at det innen få år vil verta etablert ny hovudvassforsyning frå Litlås-området til Årås.*

3.Forum for natur og friluftsliv Hordaland, datert den 20.02.2018. Forumet rår til at Øksnesmarka vert sett av til LNF-område. Dette ut frå eit friluftsperspektiv og ein lagsiktig arealbruk i forhold til miljø, natur, klima, kultur og folkehelse. Forumet meiner lokale organisasjonar sine innspel har styrka dette synet. Dei meiner og at behovet for meir næringsareal ikkje er synleggjort.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune held på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert dette næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover. Fylkesmannen i Hordaland sin **Samordna uttale med motsegn** datert den 25.04.2018 er såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.*

4.Invest in Bergen, datert den 15.02.2018. Organisasjonen som arbeidet med profilering og utvikling av næringslivet ynskjer fleire nasjonale og internasjonale bedrifter og investeringar til

Bergensregionen. I sitt merknadsskriv tek dei opp kor viktig det er med meir næringsareal til sjømatproduksjon på land. Dei synes Øksnesmarka representerer eit potensiale for regionen, ein *sjeldan ressurs*. Invest in Bergen peiker på at regionen no må satsa på andre næringar enn olje og gass. Dei skriv at sjøtilknytning med kaifrontar er viktig om regionen ynskjer å utvikla maritime og marine næringar. Dei peiker på at rekkjefølgjekrav er viktig for å få inn seriøse aktørar i dette næringsområdet. Berekraftige arbeidsplassar må vera målet. Invest in Bergen meiner at slike næringsarealer av ein viss storleik som her vil vera ein etterspurd vare i Bergensregionen. Organisasjonen rår til at kommunen held på Øksnesmarka som næringsområde i kommuneplanen.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune held på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert dette næringsområdet redusert, men kaifronten vert forlenga noko nordover. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 vert såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.

5.Ailin Terese Salbu, datert den 15.02. 2018. Ho skriv at: *Jeg mener vi må se Øksnesmarka i en større helhet. Øksnesområdet er et stort og viktig friluftsområde, og ligger nær områder som er klassifisert som svært viktige naturtyper. Industrialisering i dette området vil ha store ringvirkinger og konsekvenser for dyr og natur. Naturen fragmenteres. Det vil si at det blir mindre og mindre urørte naturområder eller naturområder som ikke er i bruk. En vei kan for eksempel dele et habitat i to deler og resultatet kan være at bestander og biomangfold reduseres.* Ho skriv også at *det er viktig å la større sammenhengende områder stå urørt.* Ailin T. Salbu meiner at *å legge industri til Åråsvågen/Øksnesmarka vil føre til økt skipstrafikk inn Børildosen, med støy, uro, bølger, forurensning som følge. Dette vil prege hele området rundt Børildosen.* Ho skriv og i sin merknad. *-Jeg ønsker at politikerne i Austrheim kommune ser verdiene i dette fantastisk flotte og vakre naturområdet som Åråsvågen og Børildosen er!* Salbu avsluttar sitt skriv med at: *I en overbefolket verden er stille og urørt natur verdifullt. Ren natur er verdifullt. Derfor må vi ta vare på den, for naturens skyld, for vår skyld og for barna og de som kommer etter oss sin skyld.*

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune meiner at det Ailin Terese Salbu tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest i Øksnesmarka vert då LNF område. Austrheim kommune tek elles merknaden til Ailin Terese Salbu til orientering.

6.Aksjonsgruppa Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen, datert den 15.02.2018. Aksjonsgruppa skriv at *som det går fram av namnet arbeider Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen for at området framleis skal vera den naturperla det er, urørt av øydeleggande utbygging.* Vi går difor på det sterkaste i mot at deler av Øksnesmarka blir nærings- og industriområde. Vi meiner at planane for Øksnesmarka må stoppast ein gang for alle. Dei synes naturmiljøet og det biologiske mangfaldet vil verta påført uoppretteleg skade om dette vert bygd ut som næringsområde. Dei skriv om oteren, havørna og den sterkt truga breibandpraktviklaren. Dei viser til *Konsekvensutgreiing og ROS analyse KU-AREALINNSPEL/TILTAK NR: 120 ØKSNESMARKA* som konkluderer med stor negativ konsekvens på landskap, friluftsliv, helse, born og unge, strandsone og naturmangfald. Dei synes at konsekvensane på Åråsvågen og det som gjeld kulturminne og kulturmiljø er mangelfullt vurdert i konsekvensutgreiinga. Aksjonsgruppa meiner at også at konsekvensane på landbruk vil ha stor negativ konsekvens då dette er ei kystlynghei med stort potensial for utmarksbeite. Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen fryktar for støy og støv og

fare for ulykker med skipstrafikk inn og ut Åråsvågen. Aksjonsgruppa meiner det store omfanget av til dels djup myr i Øksnesmarka vil føra til store utslepp av klimagassar om området blir regulert til næringsføremål. Dette vil vera i strid med nasjonale og regionale mål om reduserte klimagassutslepp og dessutan i strid med myrvernet. Dei meiner den negative konsekvensen må setjast til stor, ikkje liten. Dei får fram i sin merknad tydeleg at utbygging/industri i Øksnesmarka er sterkt uønskt og peikar på tilhøve knytt til sjølve industriområdet, veg, djupvasskai og vasstilførsel.

Aksjonsgruppa har ein sluttmerknad som tek føre seg konsekvensvurderinga og kva dei ber om må gjerast av tilleggsundersøkingar. *Utanom desse merknadene vil **Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen** på det sterkaste oppmoda Austrheim kommune om å fylgja tilrådinga frå konsekvensutgreiinga til Multiconsult slik at Øksnesmarka vert sikra som LNF-område for etterkomande slekter.*

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det **Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen** tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert då LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Austrheim kommune tek elles merknaden til **Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen** til orientering.*

7.Aashild Helene Hedstrøm, datert den 15.02.2018. Ho skriv at:

*-Etter at eg vart pensjonist, flytta eg attende til kommunen og trivs svært godt, ikkje minst p.g.a den friske naturen. Eg ville gjerne bli betre kjent i kommunen og glad i å gå på tur. Det var slik eg oppdaga Øksnesmarka. Her var det store, opne landskap med **torvmyrer, lyngheier, småvatn med aure, steingardar og restar av torvhus** og så var det **nesten fritt for sikkagran** som det elles er så altfor mykje av rundt i kommunen. Ho skriv i slutten av merknaden sin dette:*

La Øksnesmarka få leva! La dette området som no er det største samanhengande friluftsområdet i kommunen, framleis vera eit LNF område! La bygdefolk og turistar framleis få oppleve og nyta naturen i Øksnesmarka! La folk framleis få vandra langs steingardane på dei gamle stiane, forbi myrar og småvatn der det finst aure og med restar av torvhus som peikar attende på svunne tider, utan å verta uroa av støy frå vegtrafikk og industri! La dette opne landskapet framleis få leva!!!

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det **Aashild Helene Hedstrøm** tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert. Austrheim kommune tek elles merknaden til **Hedstrøm** til orientering.*

8.Mastrevik Eigedomsselskap AS, datert den 15.02.2018. Dei viser til vedlagte gjeldande reguleringskart med tegnforklaring og innspel til kommuneplanen sin arealdel. Dei meiner at eit areal

på gbnr. 142/7 høver godt til bustad. Det er kort avstand til servicetilbod og infrastruktur. Eigedomsselskapet informerer om at det er planar for området som tilseier eit større behov for areal som kan byggas ut.



Kart over område eigedomsselskapet meiner det bør kunna byggjast bustadar på sør for det regulert området.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune har som kommentar at det er mange regulerte område i Mastrevik og andre stadar i og omkring kommunesenteret som det enno ikkje er bygd noko bustadar på. Det er difor ingen grunn til å endra arealstatusen i dette området no. Bruken av området her sør for det regulerte arealet i Mastrevikane bør vera eit spørsmål kommunen kan koma attende til når område som er regulert i Mastrevikane er bygd ut, eller at det byrjar å minka på tilgjengelege tomtar her. Strandsoneomsyn gjer og sitt til at me bør vera restriktive med å etablera bustadar i slike område ved sjøen. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.*

9. Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK), datert den 12.02.2018. *ALK skriv at dei var veldig glade for at Øksnesmarka var ute av første planforslag som industriområde, og vart difor ganske betenkte då store delar av området kom inn igjen som industriområdet i nytt planforslag. ALK vil oppmode om at kommunen går tilbake til første planforslag, og såleis fjernar Øksnesmarka som næringsområde frå arealdelen i ny kommuneplan. ALK skriv vidare at: Øksnesmarka har gode kvalitetar som beiteland, og har tydelege spor etter tidlegare bruk som beite for husdyr. Jordvern skal ikkje drivast med utgangspunkt i kva bruk det er av jorda i dag, men av til kva og korleis den kan nyttast i framtida. ALK skriv og at: Det er påvist førekomstar av artar som er truga nasjonalt, og dei lever i Øksnesmarka fordi dei har dei rette betingelsane for å overleve her. Det er eit offentleg ansvar å oppretthalde slike områder. ALK meiner og at ut frå eit folkehelsperspektiv og i forhold til friluftsliv og rekreasjon så må Øksnesmarka som det største urørte arealet i kommunen ikkje nyttast som næringsområde.*

ALK meiner at dersom markert areal i kartet på **Lerøy** vert endra frå LNF til LNF spreidd, så må ein forsøkje å plassere tomtar og tilkomst til desse slik at ein ikkje øydelegg eksisterande unike landskapstrekk og noverande/framtidige beiteområder. ALK meiner at dersom ein byggjer ut skissert areal på **Toftegård** til bustadfelt, så er ein for all framtid avskåren for å bruke areala til ev. dyrehald/beiting. Det er ikkje dagens bruk av området som skal definere verdien av å ta vare på slike områder, men nytte/behov i framtida. Utbygging er eit ikkje-reversibelt tiltak, og arealet kan ikkje gjenskapast til opphøveleg bruk.


Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK), tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka*

vert LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert.

Austrheim kommune meiner det same som ALK skriv at på Lerøy skal kommunen plassere tomtar og tilkomst til desse på ein slik måte at ein ikkje øydelegg eksisterande landskap og beiteområde. Kommunen tek elles merknaden til ALK til orientering. Austrheim kommune vil opplyse om at me tek merknaden til ALK til etterretning nå det gjeld skissert bustadareal på Toftegård. Arealet her vil verta tilbakeført som LNF-område. Austrheim kommune tek elles merknaden deira til orientering.

10.Eide Fjordbruk AS, datert den 12.02.2018. Dei ynskjer å få inn i arealplanen to nye akvakulturområde på Hundvåkflua og Senoksen. Dei kom med sine innspel første gongen den 17.02.2017, omlag 8 månadar etter merknadsfristen var gått ut. Austrheim kommune valde uansett å KU vurdere desse to akvakulturområda og ta innspela med i den vidare planprosessen. Eide Fjordbruk meiner at begge deira to forslaga til AK-område er basert på grundige førehandsvurderingar, dei vurderer begge lokalitetane som særst godt eigna for matproduksjon i sjø. Eide Fjordbruk AS vil oppretthalda forslaga på Hundvåkflua og Senoksen som akvakulturlokaliteter i kommuneplanen sin arealdel. Dei viser til vedlagt rapport **Innspel om opprettslokalitetar til kommuneplan i Austrheim** utarbeida av konsulentfirmaet Rådgivande biologer AS datert den 09.02.2018. Konsulentfirmaet er kritisk til innhaldet i rapporten til Multiconsult AS sin **Konsekvensutgreiing og ROS-analyse** som er datert 30.11.2017 som gjeld desse to lokalitetane som her er føreslått.


Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune meiner at desse to arealinnspela til akvakulturlokalitetar vart grundig vurdert i samband med handsaminga etter første gongs offentleg ettersyn. Lokalitet Hundvåkflua ligg inntil og mellom fleire friluftsområde med nasjonal og regional verdi. Friluftsområda ved Senoksen er verdisatt til C-verdi i registrert friluftsområde.



Oversikt over regionale friluftsområde. Senoksen og Hundvåkflua er vist med raud firkant.

Austrheim kommune meiner det elles ikkje er noko vesentleg nytt i merknaden her som gjer det naudsynt å vurdere innspela annleis etter andre gongs offentleg ettersyn. Austrheim kommune kan difor ikkje sjå at det ligg føre nokon nye opplysningar som gjer at det er grunn til å sjå på desse to arealinnspela på nytt. Austrheim kommune meiner at verksemda Multiconsult AS sin **Konsekvensutgreiing og ROS-analyse** av merknadar datert 30.11.2017 av desse to føreslåtte akvakulturlokalitetane er gjort på ein god og fagleg måte. Det at konsulentfirmaet Rådgivande Biologer AS skriv om nokre faktiske feil i Multiconsult AS sitt utgreingsarbeid endrar ikkje konklusjonane som er teke i rapporten deira som var at akvakultur vart ikkje tilrådd her. Dette vart vidareført i vedtaket til kommunestyret i Austrheim den 14.12.2017. I desse sjøområda tok Austrheim kommune såleis omsyn til og prioriterte viktig brukarinteresse knytt til fiskeri, friluftsliv, ferdsl og

naturmangfold. Kart under av arealdelen som var på andre gongs offentleg ettersyn viser dei to innspela på lokalitetar merka med eit kryss (x).



Senoksen:Fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde. **Hundvåkflua:** Fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde

Austrheim kommune er elles godt kjend med avstandsreglar som gjeld for etablering av akvakulturlokalitetar med omsyn til smittespreiing mellom nærliggande anlegg. Til det godkjente oppdrettet i Trøvika er det om lag 1,7 km til Senoksen. Til eksisterande oppdrettslokalitet ved Allersholmen er det om lag 3.3 km til Senoksen. Disse to akvakulturlokalitetane vart teke inn etter første gongs offentleg ettersyn. Merknadane på å få inn dei to lokalitetane Senoksen og Hundvåkflua vart uansett såleis grundig handsama i kommunestyret den 14.12.2017 i samband med vedtaket om å senda kommuneplanen sin arealdel på andre gongs offentleg ettersyn. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av desse to lokalitetane vart teke til følge i kommunestyret sitt vedtak den 22.02.2017. Austrheim kommune tek merknaden til Rådgivande biologer AS og Eide Fjordbruk AS til orientering.

11. Helge og Idar Hopland, datert den 09.02.2018. Dei ynskjer ikkje nytt bustadfelt B45 på Toftegård og proteseterer kraftig mot dette. Grunngevinga er at det planlagte feltet vanskeleggjer utbygging av eksisterande tomter her. Dei peikar og på at det er dårleg infrastruktur på Toftegård. Området kan verta framtidig beiteområde, det er og viktig for friluftsliv og naturmangfold. Eit utslepp her vil vera uheldig for fiske i sjøområdet og bading i Sætevika.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune meiner at det Helge og Idar Hopland tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til dette området på Toftegård. Austrheim kommune vil opplyse om at me tek merknaden til etterretning nå det gjeld bustadarealet B45 på Toftegård. Arealet her vil verta tilbakeført som LNF-område.



12. Tore Svendsen, datert 13.02.2018. Han stiller spørsmål til kva slags næring som skal vera i Øksnesmarka. Han stiller spørsmål til kor infrastrukturen/vegen til Øksnesmarka skal verta plassert. Han stiller spørsmål til vassforbruket til dette næringsområdet. Dersom industriområdet i Øksnesmarka skal etableres medfører det utgifter til vannforsyning. Han meiner det er manglande konsekvensutredning for Åråsvågen. Han viser til konsekvensutredning gjennomført av Multiconsult om at: Utfordringa er at Øksnesmarka har store verdiar for naturmangfold, trua artar, viktige naturområder og friluftsområder. Dette er ikkje-fornybare ressursar som ikkje kan erstattast. Øksnesmarka tilrås fortsatt å vere LNF. I hans oppsummering står det at Kommunestyret må si nei til etablering av industriområde i Øksnesmarka da det ikke er beskrevet hva som kan etableres i området. Kommunestyret må si nei til etablering av industriområdet da kommunen sin egen konsekvensutredning er krystallklar i sin konklusjon. Alternativt meiner Tore Svendsen at: Kommunestyret må utsette å behandle industriområdet til konsekvensutredning og risikovurdering av

Åråsvågen er på plass, slik at dette kan sees i en sammenheng.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune meiner at det **Tore Svendsen** tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert og korleis infrastrukturen og vassforsyninga skal ordnast og plasserast. Austrheim kommune tek elles merkningen til Tore Svendsen til orientering.

13. Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA skriv på vegne av Odd Haugen, datert 12.02.2018. Dei skriv at Odd Haugen eig gbnr. 161/72 og 74 i eksisterande næringsområde N18 i Øksnesmarka. Dei er positiv til at næringsområdet vert vidareført, men dei meiner at reduksjonen av næringsarealet som er skjedd i nordaust mot Åråsvågen vil gjera det utelukka å bruka N18 til maritimt næringsområde. Det er her det er mogeleg å etablera molo og havneanlegg, skriv dei. Dei ber difor om at N18 (næringsområdet i Øksnesmarka) vert vidareført som i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2007. Dersom kommune ikkje ynskjer å utvida arealet som skal leggjast ut kan delar av arealet i sør gå ut. Parkbelte kan etablerast som avbøtande tiltak. Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA skriv elles at:

Etablering av en trygg havn for N18 vil også nødvendiggjøre bygging av et moloanlegg. Dette er vanskelig å få til dersom det er for brådjupt ut fra land. Disse forholdene gjør at det er viktig at den nordlige delen av N18, der bunnforholdene tillater etablering av molo og havn, ikke tas ut av næringsområdet i ny KPA. Det vises til vedlagte kartskisse der det maritime næringsområdet, med molo, er markert i kartet. Det vises også til skissetegning som illustrerer hvordan molo og havneanlegg vil kunne bli seende ut.



Kartskisse over maritimt næringsområdet med molo og fellesfjøs

Molo (100 m lang) og utsprengt kai

Advokatfirmaet peiker på at landbasert oppdrett og anna maritim aktivitet knytt til havbruk er planlagt etablert her. Ei god hamn er viktig for havbruksnæringa og er viktig for å tiltrekka seg verksemdar. Dei peiker på politiske forventningar og målsetjingar frå regjeringa, med brei støtte frå Stortinget når det gjeld fordelane med landbasert oppdrett og satsing på havbruksnæringa generelt i Norge. Advokatfirmaet skriv at: *Våre sentrale myndigheter forutsetter altså at kommunene må*

medvirke til å sikre nødvendige arealer til at havbruksnæringen kan utvikle seg. Dei meiner også at: Austrheim bør sette seg i fører sete for denne utviklingen – og ikke passivt stå igjen på perrongen og se toget gå. Advokatfirmaet meiner at føresegn § 2.1.3 om Næring får følgjande formulering:

«I tillegg til annen næring tillates N18 også utviklet som maritimt næringsområde, herunder også landbasert akvakultur. Tilstøtende sjøarealer kan tilrettelegges for havn/molo.»

Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA skriv og at:

Det unike med prosjektet som Odd Haugen planlegger er at det kombinerer landbruk og havbruk, i et bærekraftig opplegg der alle ressurser blir utnyttet. Fôrrester og fiskeskit, samt gjødsel fra planlagt fellesfjøs for kyr, vil bli benyttet til produksjon av biogass. Av denne naturgassen vil det bli produsert strøm som driver vannpumper og annen infrastruktur i akvakulturanlegget. Forskning tilsier at man får mer metan ut av gjødsel fra husdyr dersom dette blandes med fiskeavfall.

Det viser seg også at dersom fiskeslam blandes med storfegjødsel i riktig blandingsforhold, så gir dette et svært godt gjødsel for bruk i landbruket.

Advokatfirmaet skriv at Odd Haugen ser for seg ein gradvis utvikling av næringsområdet og at ein tilrettelegg berre areal som vert krev for den verksemda som skal bruka dette. Det skal ikkje verta ubrukte sår i landskapet, skriv dei.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune ser argumenta til merknadskrivar når det gjeld å få på plass ein funksjonell maritim kai og molo i nordaust. Austrheim kommune vil difor koma merknadskrivar i møte på ein del av deira merknad her. Det betyr at næringsområdet vert redusert noko i sør og vest, men at kommunen forlenger næringsarealet i strandsona nordaustover og får dette inn att som næringsområde. Eit større område lenger vest i Øksnesmarka og lenger sør her vert tilbakeført som LNF-område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Reguleringsplanprosessen vil elles bestemma arealbruken her meir detaljert og korleis infrastrukturen skal verta. Også utbyggingsrekkefølge, byggjegranser, parkbelte, stiar og vegar vil då verta bestemt meir detaljert, det gjeld og føresegner. Austrheim kommune tek merknaden deira i hovudtrekk til følgje.*

14. Nordhordland næringslag, datert den 06.02.2018. Dei er opptatt av at kommunane har nok regulerte næringsareal. **Nordhordland næringslag** skriv vidare i sin merknad at:

Derfor mener Nordhordland Næringslag at Øksnesmarka må opprettholdes som næringsareal og ikke tilbakeføres til LNF område. Det er et areal på nesten 1000 mål som gir god, sjøveis adkomst, med god seilingsled og god dybde. Området har, etter vår mening, en beliggenhet som gjør området attraktivt for mange aktører, f.eks innen marin sektor.


Et stort næringsareal i Øksnesmarka vil være et stort fortrinn for Austrheim kommune, en kommune som også trenger flere arbeidsplasser.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det Nordhordland næringslag tek opp er viktige tema omkring næringsareal knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner at det er rettast no å halda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med korleis kommunen tolkar motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest i Øksnesmarka vert tilbakeført som LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 550 dekar i dagens kommuneplan til om lag 400 dekar. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er såleis fjørande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her.*

Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert og kva slags næringsverksemd skal kunne koma her. Austrheim kommune tek elles merknaden til Nordhordland næringslag til orientering.

15. Per Lerøy, datert den 06.02.2018. Han meiner at det er positivt at delar av det eksisterande næringsarealet i Øksnesmarka er lagt inn att som næringsareal i det nye utkastet til arealdel. Etter samtalar med fleire næringsdrivande meiner han at deler av det mest verdifulle næringsarealet er gjort om frå næringsareal til LNF-område. I tillegg vart det på synfaringa kommunestyret hadde i området, peikt på at den opphavlege planen var at næringsarealet ikkje skulle gå så langt mot Rebnord som utkastet viser. Eg vil derfor koma med merknader på grensene for næringsarealet i Øksnesmarka. Per Lerøy har lagt ved eit kart som viser kor han ynskjer grensene for næringsarealet i Øksnesmarka skal vera, men før dei vert endeleg fastlagde må ein gå desse opp ute i marka.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune meiner at det **Per Lerøy** tek opp er viktige tema omkring næringsareal knytt til Øksnesmarka. I tråd med korleis kommunen tolkar motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest i Øksnesmarka vert tilbakeført som LNF område slik han føreslår i sin merknad. Totalt vert næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Austrheim kommune tek merknaden til Per Lerøy til etterretning.



Næringsområde Per Lerøy ynskjer i Øksnesmarka er skravert

16. Nordhordland turlag, datert den 05.02.2018. Dei skriv at: *Det er med undring vi høyrer og les at Øksnesmarka er trua av utbygging for industri. Ikkje rør det store, opne, lyngheilandskapet i Austrheim; la det liggje urørt og vitne om ei tid og ein kultur som har prega kystfolket i århundre. La det liggje og vera til glede for folk i framtida også. Området er eit rikt friluftsområde, med stiar, merka og umerka, steinmurar og spor av tidlege tider sitt liv og verke, med småvatn og myrer, med rikt dyre- og fugleliv – og ro og fred. Langs kysten er det lett å komme fram med båt, kano, kajakk, lett å finne gode bade- og fiskeplassar. Øksnesmarka er eit rekreasjonsområde. Turlaget erfarer at Austrheim kommune har kartlagt "Øksnesmarka" som friluftsområde (utfartsområde) som svært viktig (A-område).*

Nordhordland turlag skriv også at: - *Det ligg allereie store industriområde i nærleiken, både på Mongstad og over fjorden i Gulen. Her er inngrepa store og kan ikkje verta reversert. Turlaget ber politikarane i Austrheim sjå om ny industri kan leggjast nær andre, utbygde område? Er draumen om ny storindustri i Austrheim realistisk, eller kan det verte bom og Øksnesmarka øydela for alltid, slik ein ser har skjedd andre stader, utan at kommunen får nye arbeidsplassar? Turlaget spør, for vi vil syne vår støtte til dei som arbeider med å ta vare på marka. Austrheim har byggefelt sentralt og elles levande bygder med lang historie. Innimellom ligg Øksnesmarka og lokkar med trim, god helse og gode opplevingar. Nordhordland turlag ber politikarane i Austrheim ta omsyn til friluftinteressene og*

folkehelse og sin eigen historie i den vidare handsaminga av kommuneplanen.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det Nordhordland turlag tek opp er viktige tema omkring friluftsjnteressene knytt til Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner likevel at det er rettast no å halda på Øksnesmarka som næringsområde. I tråd med korleis kommunen tolkar motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest i Øksnesmarka vert attendeført til LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar no. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert og korleis ein del omsynt til friluftsjnteressene skal verta. Austrheim kommune tek elles merknaden til Nordhordland turlag til orientering.*

17.Åråsvågen Velforening, datert den 04.02.2018. Dei skriv at: *Vi vil på det sterkaste gå imot at det vert etablert industri/bergverk, eller anna naturøydeleggjande verksemd i Øksnesmarka, samt djupvasskai i Åråsvågen. Øksnesmarka vert mykje nytta til tur og rekreasjon, og av Velforeninga sine medlemmer, og det var aldri nokon av kjøperane her ute i Åråsvågen som blei orientert om at det var planar om eit stort næringsområde med djupvasskai like i nærleiken. For oss er det ikkje til å fatta at fleirtalet av den politiske leiinga i Austrheim kommune vil leggja til rette for Industri og bergverk, med tilhøyrande store prosjekt når det gjeld anlegg og infrastruktur, og dette i urørd natur. Særleg ille vert det når vi veit at tiltaka heilt klart vil føra med seg at naturmiljøet og heile det biologiske mangfaldet i områda, som til dels er særst spesielt, vil verta påført uboteleg skade. Åråsvågen Velforening skriv og at det er utruleg at fleirtalet av lokalpolitikarane våre kan meina at det er greitt at bustadområder og tung næringsverksemd kan vera nære naboar. Dei meiner det vil gå på helse laus for mange menneskje. Velforeinga meiner at både fastbuande og hytteeigarar i området vil verta plaga med støv og støy nærast til alle tider. Dei fryktar at fisket i Åråsvågen vil bli dårlegare.*

Dei fryktar også at det kan verta restriksjonar på ferdsla i området ved djupvasskaien. Velforeninga skriv vidare at: *Vi meiner difor at Austrheim kommune sitt arbeid med å leggja til rette for næringsområde med djupvasskai i Øksnesmarka/Åråsvågen direkte skadar interessene til Velforeninga sine medlemmer. Deti synes konsekvensane for Åråsvågen er for dårleg utgreidd i konsekvensutgreiinga og ROS-analyse. Dei spør: -Er Åråsvågen med hensikt ikkje teke med som del av oppdraget til Multiconsult? Velforeinga er også uroa i forhold til mogelege ulukker i forbindelse med den auka skipstrafikken i Åråsvågen. Dei lurar på om Austrheim kommune vil ha beredskap for å kunne handtera slike hendingar.*

I høve det mogelege næringsområdet i Øksnesmarka vil Åråsvågen Velforening også på det sterkaste oppmoda alle dei folkevalde i Austrheim kommune om å fylgje tilrådingane frå Multiconsult, og ikkje minst også tydeleg folkevilje, slik at Øksnesmarka og (deler av) Åråsvågen ikkje vert utbygd og øydelagt for all framtid. Og til dei utbyggingsvenlege politikarane skriv Åråsvågen velforening til slutt at: *Tenk nytt, tenk framtidsetta, og ikkje minst – tenk på at etterkomarane våre og skal kunne ferdast i, og oppleve, urørd natur!*

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det Åråsvågen Velforening tek opp er viktige tema omkring natur-, miljø-, friluftsliv- og verneinteresser knytt til Øksnesmarka og Åråsvågen. Austrheim kommune meiner likevel at det er rettast no å halda på Øksnesmarka som næringsområde. I tråd med korleis kommunen tolkar motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest i Øksnesmarka vert attendeført til LNF område. Totalt vert næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550*

dekar. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her.

Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert også med omsyn til støy, støv, driftstid og restriksjonar på sjø. Også kva type næring som skal vera her vil verta klaglagt tydelegare i reguleringsplanprosessen. Avbøtande tiltak for å redusera risikoen med ulykker med skip og beredskapen i området vil verta eit tema då. Austrheim kommune tek elles merknaden til Åråsvågen Velforening til orientering.

18.Naturvernforbundet Nordhordland, datert den 28.01.2018. Dei har skrive ein merknad på 8 sider. I tillegg har dei med diverse følgjeskriv. Alle desse er vedlagt saka. Det viktigaste dei tek opp i sine er tema knytt til landskap, miljø, klima, biologisk mangfald når det gjeld næringsområdet i Øksnesmarka. Dei første 6 sidene handlar om dette området.

Når det gjeld Lerøyna har dei ein merknad på to sider. Naturvernforbundet vurderer omgjeringa frå LNF til LNFR som lettvinnt og er grunnleggjande usamd i konklusjonen, ikkje minst når den totale konsekvensen vert sett til minus 3. Naturvernforbundet er usamd i vedtaket og vil rå til at vurderinga som vert gjort av rådmannen i den første konsekvensutgreiinga vert vidareført og utdjupa. I den første utgreiinga vart merknaden frå Lerøy ikkje teke til følgje.

Etter å ha lese gjennom innkomne merknader og konsekvensutgreiinga til kommunen er Naturvernforbundet kritisk til at så mange av merknadene knytte til strandsona er rådd til i 2. gongs høyring. Mange av dei var ikkje rådd til under 1. gongs høyring. Kva som fagleg har endra seg, kan i mange tilfelle vera vanskeleg å skjønna. Det gjeld i sær tiltaka i Øksnesmarka og på Lerøyna.

Spreidd naustbygging med nye inngrep i strandsona er frå vår ståstad ikkje ønskeleg, heller ikkje opning for spreidd busetnad nær strandsona slik som på Lerøyna. Endringa frå LNF til LNFR er dessutan i konflikt med dei verdiane Lerøy har som landbruks- og friområde og dei planane som føreligg for vidare utvikling av desse verdiane, jfr. stønad frå Fylkesmannen til prosjektet Rydd ein holme på Lerøyna. Ei heilskapleg forvaltning av landskapet til ressursvenleg fleirbruk, er viktig.

Vi er dessutan kritiske til at fleire akvakulturområde er tekne inn att i planen, både anlegget ved Allersholmen og anlegget ved Sævrøy (Trøvika). Vi kan ikkje sjå at slik arealdisponering er i samsvar med dei retningslinene som vart trekte opp for ytre Øyane då området var aktuelt å verna i samband med Ny landsplan for nasjonalparker i 1992. Vi vil dessutan nemna at slike anlegg det er søkt om, vil gje svært få arbeidsplassar og små inntekter til kommunen.

Når det gjeld anlegget ved Allersholmen, vil Naturvernforbundet peika på at influensområdet er mykje nytta til yrkes- og fritidsfiske, i sær ruse-, teine- og garnfiske. Området har dessutan stort biologisk mangfald med tareskogførekomstar av høg verdi, kamskjel, ein rik bestand av oter og skarv, og dessutan hekkande havørn. Strandsona og sjøområda rundt anlegget er mykje nytta til friluftsliv, m.a. kajakkpadling, og leia mellom Allersholmen og Geitarøyna er farlei for småbåtar nordover mot Øyane.

Naturvernforbundet meiner difor konfliktpotensialet for lokaliteten er stor og vil difor be om at området for akvakultur vert trekt ut av arealplanen. Å utvida området slik det er gjort framlegg om, er med bakgrunn i konfliktnivået, frå vår ståstad uakseptabelt.

Mykje av den same argumentasjonen gjeld anlegget ved Sævrøy. Lokaliteten i Trøvika er konfliktfylt både i høve landskap, biologisk mangfald, sjøretta friluftsliv og yrkes- og fritidsfiske. Vi vil dessutan peika på at som sundet mellom Allersholmen og Geitarøyna, er tiltaksområdet i Trøvika nytta som

farlei for småbåtar nordover mot Sævrøy, Baløy og Rongevær.

Når det gjeld Øksnesmarka, meiner vi KU som er gjort i høve til nærings- og industriområdet på alle måtar syner at marka er ueigna for næring og industri og at konfliktnivået er svært høgt. Frå Naturvernforbundet sin ståstad gjeld det særleg for biologisk mangfald og friluftsliv og folkehelse, men konfliktnivået er også høgt for landskap, klima, kulturminne og ulike nærings- og samfunnsinteresser. Når det gjeld biologisk mangfald, meiner vi funnet av sterkt trua art saman med samla belastning på raudlista artar og naturtypar aleine må setja ein stoppar for næringsområdet. Vi meiner dette er i samsvar både med Naturmangfaldlova og forvaltningspraksis i slike saker, jfr. praksis i Hordaland fylkeskommune. Vi syner elles til eigen rapport frå NLA, lagt ved.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget, vil vi be om tilleggsutgreiing med kartlegging av biologisk mangfald i Åråsvågen og naudsynte tilleggsundersøkingar av terrestrisk og akvatisk miljø i Øksnesmarka. Vi vil også be om at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse for skipstrafikk til og frå det planlagde næringsområdet og at det i høve til m.a. uttak av myr vert sett opp klimarekneskap for omdisponering til næringsområde slik det er planar om.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det Naturvernforbundet tek opp er viktige tema omkring bruken og verneinteressene knytt til arealbruken generelt i Austrheim kommune. Det same gjeld Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med korleis kommunen tolkar motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert tilbakeført til LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 550 i dagens kommuneplan til om lag 400 dekar. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er såleis førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Reguleringsplanprosessen vil avgjera arealbruken her meir detaljert. Også kva type næring som skal vera her vil verta klarlagt tydelegare i reguleringsplanprosessen. Tilleggsutgreiing med kartlegging av biologisk mangfald i Åråsvågen og naudsynte tilleggsundersøkingar av terrestrisk og akvatisk miljø i Øksnesmarka vil vera naturleg å ta i reguleringsplansaka og i planprogrammet der. Austrheim kommune vil understreka at kommuneplanen sin arealdel er ein politisk prosess som viljen til dei folkevalgte i kommunestyret skal kunne setja sitt preg på. Det gjeld og akvakulturområde der Hordaland fylkeskommune retta motsegn etter første gongs offentleg ettersyn og me tok det til etterretning. Austrheim kommune tek elles merknaden til Naturvernforbundet til orientering.*

19.Fiskarlaget vest, datert den 19.02.2018. Dei er positiv til at dei fleste kaste- og låssettingsplassane er teke inn i kommuneplanen. Dei ynskjer å få saker som gjeld etablering av kaiar, flytebyggjer eller småbåtanlegg inntil 9 båtplassar på høyring der det er registret fiskerirelaterte område. Det gjeld og fortøyingar i trålefelt. Fiskarlaget vest ynskjer ikkje næringsareal i Øksnesmarka då dei er redd for at det då kan koma industriverksemd i sjøområdet utanfor. Dei informerer og om låssettingsplassar i Førlandsvågen og i Austrheimsvågen og kva omsyn som må takast der. Dei peiker og på kva stor forureining småbåthamner fører med seg. Fiskerinæringa er avhengig av eit reint og produktivt hav- og kystmiljø.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune held på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 er førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Austrheim kommune set pris på at Fiskarlaget vest er positiv til planforslaget som no ligg føre. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.*

20. Geir Åge Nesbø, datert den 27.12.2017. Han skriv følgjande: *Se vedlagte kartskisse der holmen i Hegrevikane er merket med rød pil og rødt omriss. Holmen er delt i to, 131/132 og 131/133. Begge disse tomtene er nøstetomter, der ene er bygd nøst på, og den andre er klargjort for å bygge nøst på. Burde ikke disse hatt en annen farge enn LNF?*

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune held på Hegrevikane som LNF-område. Holmen er over 1 dekar stor og ligg langt frå folk. Eksisterande naust kan fungera som i dag. Dersom det skal byggjast nytt naust på den andre tomten må det søkjast om dispensasjon til dette på vanleg måte. Det er ikkje naturleg å leggja inn naustområde langt frå bustadhus, og der det ikkje er veg eller bebygg med meir enn 1 naust frå før. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.*

Offentlege merknadar:

1.Hordaland fylkeskommune, datert den 17.04.2018.

Dei har no sendt eit utarbeida forslag til handelsføresegn for kommuneplanen vår. Dette er i stor grad henta frå føresegn i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. Det denne føresegna tek opp er at nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune tek merknaden til etterretning.*

1.Hordaland fylkeskommune, datert den 22.03.2018. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 20. mars 2018, vart det fatta følgjande vedtak:

1.Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.

2.Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, og ber om at sentrumsutstrekning og føresegn om handel vert innarbeidd i kommuneplanen. Regional føresegn har direkte rettsverknad for kommunar og private utbyggjarar, og må difor innarbeidast i kommuneplan. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune tek merknad 2 til etterretning og legg inn handelføresegn i føresegn til kommuneplanen.*

3.Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til vedtakspunkt ved første gongs høyring om bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (B43, B44), og rår på nytt Austrheim kommune til ta desse områda ut av planforslaget. Områda ligg usentralt til og kjem i konflikt med miljø- og landskapsverdiar.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune tek merknad 3 til orientering.*

4.Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det nye forslaget om bustadareal på Toftegård (B45) i for stor grad medfører negative konsekvensar for ålmenta og miljøverdiar. Det er ledige regulerte bustadtomter i nærleiken, dårleg vegtilkomst og arealet ligg langt frå service- og offentlege tilbod.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 4 til etterretning, området B45 går ut.

5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil trekke frem verdiane i Øksnesmarka, i høve til friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminner og naturmangfald. Ny kunnskap sidan vedtak av gjeldande kommuneplan (2006) har ytterlegare forsterka desse verdiane. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Bruk av Øksnesmarka som næringsområde er konfliktfylt i høve desse verdiane. Utvalet rår difor i frå å legge til rette for næringsareal (N18) i Øksnesmarka.

Austrheim kommune sin kommentar: Næringsområdet vert redusert i vest og i søraust, det vert forlenga noko lenger nord langs sjøsida. Fylkesmannen i Hordaland sin Samordna uttale med motsegn datert den 25.04.2018 vert førande for korleis dette næringsområdet vert vidareført i ny kommuneplan her. Austrheim kommune tek elles merknad 5 til orientering.

6. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling rår kommunen til å ta inn føresegn som tydeleggjer behovet for sikker overvasshandtering i tettbygde strok der fortetting er ein av dei kommunale arealstrategiane.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 6 til etterretning, oppdatert føresegn tydeleggjer dette no.

7. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen ikkje godt nok følgjer opp motsegnspunkt frå førre høyringsrunde. I tråd med dialog med kommunen, må følgjande punkt endrast i planen:

I: Legg følgjande føresegn til § 3.2 Spreidd byggeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)
Alle nye tiltak i LNF-område med spreidd byggeområde skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser og for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

II: Legg følgjande retningsline til § 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdiar takast vare på og sikrast varig vern.

III: Legg inn bandlagt område (H730) i plankart for mellomaldekyrkjegard på Austrheim (askeladden id 83830-4). Kommunen må legge følgjande føresegn til § 4.2.6 Bandlagt kulturminne (H730)
mellomaldekyrkjegard id 83830-4: Mellomaldekyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomaldekyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 7 til etterretning. Føresegn og plankart vert retta opp i samsvar med merknad.

8. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilde merknader når det gjeld kulturminne:

-Planlagt bustadområde B45 og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial

for funn av arkeologisk kulturminne. Dette er ikkje tilfredsstillande dekt i konsekvensutgreiinga.

-Vi saknar ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse.

-Nokre nye byggjeområde bør ha plankrav for å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminneinteresse i den vidare prosess. Dette gjeld:

-Bergsvika - tiltak 116 side 30 i KU - NA/SH

-Austrheimsvågen - tiltak 118 side 38 i KU naust og småbåthamn

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 8 til orientering.

9.Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i ikkje er godt nok ivaretatt i planframlegget frå Austrheim kommune. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

-Akvakulturanlegget ved Øksneset må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.

-Føresegn knytt til regulering av maksimal produksjon på akvakulturområdet ved Trøvika vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, der sektorlovverket har tildelings- og tilsynsansvar.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 9 til etterretning.

10.Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

-Det bør gjerast unnatak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.

-Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknad 10 til orientering.

2.Fiskeridirektoratet, datert den 20.02.2018. Fiskeridirektoratet rår til at akvakulturområdet ved Øksneset vert endra slik at anlegget som er lagt ut der vert liggjande innanfor. -Vi minner om at løyve til akvakultur ikkje kan gjevast i strid med plan- og bygningslova og i praksis vil dette seie at alle endringar av akvakulturanlegg i overflate, i vass-søyla og på sjøbotn, må vere i samsvar med arealbruk etter kommunen sin arealplan. Fiskeridirektoratet region vest ser ikkje konfliktpotensial mellom ferdsel i overflata og fortøyingssystem frå anlegget som ligg i Radøy, og vi oppmodar kommunen om å endre føresegna slik at fortøyingssystem frå akvakulturanlegg kan tillatast dersom desse ikkje kjem til hinder for ferdsle. Industriområdet som ligg på vestsida av Åråsvågen var teke ut av planen i det første planforslaget, men er no teke inn att. Av planomtala og i merknadene les vi at det er forslag om å etablere steinbrot med tilhøyrande djupvasskai. Vi minner om at slike tiltak vil utløyse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven. Konsekvensar for registrert rekefelt og gyteområde torsk (Havforskningsinstituttet) er blant tema som må konsekvensutgreiast før eventuell etablering av ei djupvasskai.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknaden til etterretning når det gjeld akvakulturanlegget ved Øksneset og konsekvensutgreiinga som må gjerast før etablering av ei djupvasskai i Åråsvågen. Det siste vil og verta gjort i samband med reguleringsplanprosessen. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering når det gjeld fortøyingssystem frå akvakulturanlegget i Radøy. Det er mellom anna på grunn av omsyn til kommersielle fiskeriinteresser i Hoplandsosen at Austrheim kommune ikkje ynskjer å opna opp for fri fortøying i føresegna i dette sjøområdet. Dette er og i tråd med det Fiskarlaget vest ba om i sin merknad, dei er no positiv til

planforslaget som ligg føre. Kommunestyret har handsama dette temaet fleire gonger tidlegare.

3.Kystverket vest, datert den 16.02.2018. Dei skriv at det er alltid ein risiko knytt til auka skipstrafikk, særleg med tanke på skipstypar og tonnasje, i eit sjøområde. Kystverket oppmodar difor kommunen om å inkludere endra og auka skipstrafikk i området ved Øksnesmarka i Åråsvågen som følge av etablering av industrikai i risikovurderinga og KU for kommuneplanen. Dei har ingen vidare merknader til planen.

Austrheim kommune sin kommentar: *Risikovurdering og KU for tema som gjeld auka og endra skipstrafikk vert teke grundig i ein reguleringsplan for området som må på plass før området kan takast i bruk. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.*

4.Folkehelsekordinator i Austrheim kommune, datert den 15.02.2018: Han skriv i sin merknad at:

At status vart endra til næringsføremål gjer Øksnesmarka forringa som tur- og rekreasjonsområde, som er viktig sett i eit folkehelseperspektiv. Folkehelsekordinatoren skriv også at Øksnesmarka har mange kvalitetar i form av spor frå farne tider som uteløer og torvmyrar, det er tilrettelagt turstiar mellom Øksnes-Rebnor-Årås og her er fiskevatn som gjev fine opplevingar og god fisk. Turstiane er godt merka og det er sett opp informasjonstavler ved inngangen til turstiane både ved Øksnes, Årås og Rebnor. Avslutningsvis skriv han at sett frå eit folkehelseperspektiv vil eg rå frå at arealet i Øksnesmarka vert ståande som næringsareal. I Austrheim treng vi Øksnesmarka som LNF Friluftsområde til glede for også framtidige generasjonar.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommune meiner at det folkehelsekordinatoren tek opp er viktige tema omkring folkehelseaspektet knytt til bruken av Øksnesmarka. Austrheim kommune meiner uansett at det er rettast no å helda på Øksnesmarka som næringsområde i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 14.12.2017. I tråd med motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland vert næringsområdet redusert noko, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert då LNF område og kan brukast av friluftslivet og til rekrasjonsføremål. Ein reguleringsplan for området kan gjera at friluftinteressene vert ivareteke på ein akseptabel måte. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.*

5.Statens vegvesen, region vest datert den 08.02.2018. Dei skriv at byggjegrænse langs veg må vere i samsvar med *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Statens vegvesen har forslag til føresegn som er: *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker*. For så sikre mjuke trafikantar må rekkefølgjekrav til fortau/gang- og sykkelveg presiserast og knytast til løyve om igangsetting eller rammeløyve. Dei ber om at føresegn som gjeld avkøyrslar får ein ordlyd i ei ny føresegn under § 1.5.2: Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetting eller rammeløyve før: *-Avkøyringar / kryss med samband til kollektivhaldeplassar og fortau / gang- og sykkelveg langs hovudveg er etablert. -Fortau / bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd*. Statens vegvesen varslar motsegn til tema trafikktryggleik dersom kommunen vel å ikkje endre føresegnene til dette temaet. Dei meiner og at kommunen sine mål for sykkelparkering er for låge. Statens vegvesen rår til at § 1.6.8 i føresegnene legg inn eit krav om fleire sykkelparkeringsplassar enn det som står i forslaget.

Austrheim kommune sin kommentar: *Austrheim kommunen legg til grunn i kommuneplanen det som er vedtatt i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune når det gjeld Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest. Føresegner vert elles stort sett retta opp slik*

Statens vegvesen ber om i sin merknad over. Å stilla krav om at det ikkje kan gjevast løyve til igangsetting eller rammeløyve før fortau / bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd vil i praksis seia at det ikkje kan byggjast nye bustadhus mange stadar i grendene våre, det vil vera eit urimeleg krav. Austrheim kommune ser at vegvesenet ikkje har tenkt på at dette vil verta konsekvensen om eit slikt krav kom inn i føresegna vår. Utan om dette punktet tek elles Austrheim kommune merknaden til Statens vegvesen elles til etterretning.

6.Fylkesmannen i Hordaland, datert den 25.04.2018. I merknad referer han til dialogmøte 2 mellom Austrheim kommune og Fylkesmannen halde i Bergen den 11.04.2018. Fylkesmannen uttrykte forståing for at planarbeidet ikkje må verte meir omfattande enn naudsynt. Han peika på at kommunen bør arbeida noko vidare med planskildringa på dei viktigaste punkta. Fylkesmannen skriv at: *-Vi oppfatta at det vart semje om at kommunen skulle jobbe vidare med ROS-analysen og at Fylkesmannen vil bli invitert inn i slutføringa av arbeidet på dette punktet.*

Fylkesmannen si vurdering er at talet på bustader i LNF-spreidd er stort. Han skriv at kommunen vil legge inn eit maksimum tal på nye einingar til saman i LNF-spreidd i planperioden. Fylkesmannen legg det til grunn. Formålsgrensa må samsvare med byggegrensa mot sjø. I dei områda der byggegrensa er lagt nærare sjø enn 100-meter, må det utgreiast og grunngjevast, slik at verknaden på strandsoneverdiane let seg vurdere. Kommunen må òg arbeide vidare med føresegnene til LNF-spreidd områda. Noko landbruksareal kan ligge i LNF-spreidd så lenge det er tydeleg i føresegn at det ikkje kan byggjast på og heller ikkje delast opp på ein slik måte at medfører vesentlege driftsulemper for landbruket.

Fylkesmannen ynskjer også at naustområda vert nummererte. Det kan ikkje akseptrast fleire enn tre naust før det er krav til plan. Der det er plass til fleire enn tre naust, må det vere plankrav allereie frå det første naustet. Fylkesmannen meiner føresegna må endrast ein del stadar og har skrive ned desse i sitt skriv.

Sjå elles merknad under Byggeområde – Bustadområde, **Oppsummering og konklusjon** i merknadskriv frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen legg til grunn at den utvida dialogen om andre gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel på dei fleste punkta har ført fram. Det betyr at dersom dei endringane som går fram av konklusjonane ovanfor frå dialogmøtet den 11.04.2018 vert tekne inn i planen, ser Fylkesmannen det slik at det ikkje er trong for å vurdere nærare om det skal fremjast motsegn til desse punkta no. Han legg då òg til grunn at Austrheim kommune har signalisert i møte at endringane som vil bli gjort i planen vil få eit omfang som gjer det naudsynt å leggje planen ut på eit tredje offentleg ettersyn. Fylkesmannen er samd i det og legg det til grunn at det vil bli gjort.

Fylkesmannen er tydeleg på at det er knytt motsegn til å ta inn industriområde i Øksnesmarka slik det no er vist på plankartet. Det grunngjev han med at konklusjonane i KU, samt ny kunnskap om området peikar mot at ei stor utbygging her kan få store negative verknader på svært viktig naturmangfald og på landskaps og friluftslivsinteressene i området. Når det gjeld Øksnesmarka blei det klart i møtet at kommunen i utgangspunktet ønskjer å vurdere ei anna og avgrensa utstrekning på næringsarealet enn kva som ligg føre i planforslaget. Fylkesmannen signaliserte etter det at han då ikkje tar stilling til planframlegget før det føreligg eit forslag som er i tråd med kommunen sitt eige ønske, og ei konsekvensutgreiing for eit endra framlegg ligg føre. Samstundes vart det peika på at slik planframlegget for Øksnesmarka no ligg føre, finn Fylkesmannen det naudsynt å fremje motsegn.

Austrheim kommune sin kommentar: Planskildring, plankart og føresegner er retta opp i samsvar med merknad i samordna uttale med motsegn. Fylkesmannen i Hordaland sin *Samordna uttale med motsegn* datert den 25.04.2018 er vorte førande for korleis næringsområdet i Øksnesmarka er vorte

vidareført i ny kommuneplan sin arealdel. I tråd med motsegna vert næringsområdet redusert, men kaifronten vert forlenga noko nordover (det vert då næringsområde att). Eit større område lenger vest og søraust i Øksnesmarka vert tilbakeført til LNF område. Totalt vert då næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar. Naustområda er vorte nummererte i plankart. Austrheim kommune tek merknaden til Fylkesmannen i Hordaland til etterretning. Sjå og planomtalen som viser kva endringar som no er gjort. Innspelet frå Fylkesmannen som gjeld omsynssone for naturmiljø i sjø frå Storestonga og Grunnosen til Stussøyna er det teke omsyn til i dette planframlegget. Området er eit særleg viktig sjøfuglområde og har store førekomstar av viktige naturtypar som kamskjell og tareskog.

Endringar etter andre gongs offentleg ettersyn er:

Både planskildringa, føresegn og plankart er retta opp i samsvar med krav frå offentlege instansar i samband med deira merknad til andre gongs offentleg ettersyn.

Næringsområdet i Øksnesmarka er vorte redusert frå om lag 900 dekar til 550 dekar.



Nytt næringsområde (N18) på land er filolett farge, grå farge i sjø er hamneføremål (H).


Akvakulturområde ved Øksneset i Børildsosen er tilpassa faktisk plassering.



Akvakulturområde ved Øksneset i Børildsosen

Bustadfelt på Toftegård (B45 og B06) og på Leikvoll (B10) er teke ut av planen og vert LNF-område.

Bustadfelt på Vardetangen B40 vert redusert i nord og aust av omsyn til friluftslivet, biologisk mangfald og kystlandskapet. Område for bebyggelse og anlegg, BA- området nærast sjøen og mot fylkesvegen vert tilbakeført til LNF- område. Totalt no om lag 30 dekar.



Før siste justering var planområdet slik (høgre kart)

Bustadfelt på Vardetangen B40 vert redusert i nord og aust. Område for bebyggelse og anlegg BA- området vert redusert mot sør og mot vest.

Område søraust på Krossøy for naust og småbåthamn vert teke ut.

Område aust på Langøyna for bygging av naust og småbåthamn som er urørt i dag vert teke ut.

Område på Dyneset for naust og småbåthamn vert teke bort frå holmen.

Område på Austrheim for bygging av naust vert redusert og badeområde i midten her her vert sikra mot utbygging og vert LNF-område.

Område på Bergsvika og Hopland for bygging av naust og småbåthamn får plankrav.

Område på Lerøyna for bygging av naust med småbåthamn vert avslutta ved eksisterande naust i aust.

Område på Førland for bygging av naust og småbåthamn kan det byggjast maksimum tre nye naust.

Område i Gassevågen for bygging av naust og småbåthamn får plankrav av omsyn til friluftsliv og kulturminne.

Område i Ervikane for bygging av naust og småbåthamn sør for bygdekai vert teke ut.

Område på Toftegård i reguleringsplan frå 2011 for bygging av naust vert redusert til å vera mellom dei to eksisterande nausta i nord, maksimum tre nye naust kan byggjast her.


Det nordlegaste område på Søre Fønnesvåg som er lagt ut som småbåthamn ved kaien på Kalandsjøen vert teke ut. Dei tre små bebygde naustområda her vert uendra. Det kan byggjast maksimum tre naust til saman. Bruken her vert med dette i hovudsak uendra og terrenginngrepa minimalisert.

Næringsområdet på vestsida av Utkilen vert teke ut og vert LNF-område.

Fritid-og turistformål på Øksneset som er vist som TU-område på plankart vert teke ut og vert friområde som resten av området omkring.

Område på Rebnor for fritids-og turistformål (camping) vert trekt vekk frå strandsona og får då eit mindre areal i aust mot det tidlegare regulerte området her. Området som vert teke ut vert

friområde på plankartet.




Område på Rebnor for fritids-og turistformål (camping) vert trekt vekk frå strandsona

Byggjegrænse mot sjø er kome på plass på plankartet og i føresegn og tydelleggjort i gjeldane reguleringsplanar.

LNf-område for spreidd utbygging er vorte snevra inn med større avstand frå sjø/strandsona på plankartet. Føresegn er kome på plass for å unngå nedbygging av dyrka eller dyrkbar mark.

Naustområda er vorte nummererte og føresegn om naustbygging er vorte meir detaljerte på tal nye naust, plassering og ålmenta sine rettar her. Plankravet for naustområde slår inn etter tre nye naust, og i område med meir enn tre nye naust slår plankravet inn frå naust nummer ein. Konkrete vurderingar er gjort i kvart enkelt naustområde.



Naustområda er vorte nummererte, Bergsvika har fått naustområde NA3

Føresegn er teke inn om at massehandtering av jord og torvmassar i anleggsområde (D) skal nytta berre reine jord- og torvmassar, føremålet er å forbetre landbruksjord.

Omsynssone H560_22 er utvida til også å gjelde Grunnosen og sørvestover mot Stussøyna og Øksnesskjera. Dette på grunn av det rike fuglelivet i området.

Omsynsone omkring Monslaupvatnet (drikkevatt) er lagt inn i plankartet.



Omsynsone omkring Monslaupvatnet

Det er lagt inn omsynssone etter pbl. § 11-8 f for reguleringsplanar som skal gjelde, dei er vist på plankartet og er nemnd i planskildringa.

Generelt skal det ikkje vere anna byggegrense til sjø for LNF spreidd enn det som går fram av pbl. § 1-8. Unntak er særskilt utgreid og grunngeve. Nye tiltak vert så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar skal skje i retning vekk frå sjøen. Ved bygging i LNF-områda skal ikkje tilkomstveg leggjast over dyrka/dyrkbar mark.



SB6 viser korleis ein i dette LNF-spreidd område har teke omsyn til strandsona

Føresegn om maksimal produksjon av matfisk i Trøvika er teke ut.

Føresegn og plankart er retta opp i forhold til kulturminneinteresser i samsvar med uttale frå Hordaland fylkeskommune. Det gjeld og område som er ferdig regulert der kyrkja er på Austrheim.

Handelsføresegn er teke inn i kommuneplanen. Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Inntil det er fastsett ei sentrumsutstrekning gjeld følgjande retningsgivande utstrekning i Austrhem kommune:

-Kommunesenter: inntil 600m

-Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke. Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.

- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

Føresegn om at *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker* er kome på plass. Føresegn som er kome inn her er og: *Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetting eller rammeløyve før:*

-Avkøyringar / kryss med samband til kollektivhaldeplassar og fortau / gang- og sykkelveg langs hovudveg er etablert.

Vurdering

Etter at kommuneplanen sin arealdel var på andre gongs offentleg ettersyn vinteren 2018 er nytt planframlegg, etter rådmannen si vurdering, klart til å leggast ut til tredje gongs offentleg ettersyn. Plandokumenta som er datert 18. oktober 2018 er retta opp slik offentlege instansar sine merknadar krevde det. *Rådmannen vil informera om at i statlege retningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er Austrheim kommune vurdert som eit område med mindre press på areala. I slike område vil kommunen i større grad kunne opne for bygging i strandsona.* Rådmannen meiner kommuneplanen som no er klar til tredje gongs offentleg ettersyn har teke dette på alvor på ein fagleg god måte.

Plandokumenta består av eit digitalt plankart, planskildring og føresegn. Større endringar er og KU-vurdert, det dokumentet frå Multiconsult AS er og vedlagt. Rådmannen synes at rapporten **Konsekvensutgreiing og ROS analyse** datert 18.10.2018 er oversiktleg og ryddig, og sluttar seg til innhaldet her. Rådmannen meiner elles at endringar som er gjort etter andre gongs offentleg ettersyn er vist på ein tydeleg måte i planskildringa og i saksutgreiinga. Merknadshandsaminga er og kortfatta vist i planskildringa.

Rådmannen meiner såleis at plandokumenta som no ligg føre er fagleg forsvarleg gjennomarbeidd og i tråd med lovverket for kommuneplanarbeid. Rådmannen meiner at dette planframlegget tek omsyn til både nasjonale og regionale mål for arealbruken. Rådmannen viser elles til tidlegare saksutgreiingar, plandokument, KU-dokument og analysen for funksjonell strandsone i samband med første og andre gong offentleg ettersyn.

Rådmannen meiner og at det Fylkesmannen i Hordaland skriv i sin merknad, og som det måtte rettast opp i, før kommuneplanen vert sendt ut til tredje gongs offentleg ettersyn er gjort på ein korrekt måte. Dette i forhold til det som er ein naturleg ressursbruk i ein kommune som Austrheim med nesten 3000 innbyggjarar. ***Rådmannen vil peika på at det står i plan- og byningslova si §3-1 tredje ledd at planlegging skal byggja på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt.***

Både plankartet og føresegna styrer byggjegrænse mot sjø klart etter rådmannen sitt syn. Rådmannen meiner den funksjonell strandsonevurderinga er rett ivareteke både i føresegna og plankartet som no

ligg føre, dei må sjåast i ein samanheng.

I samband med utarbeiding av kommuneplan har kommunen gått gjennom gjeldande reguleringsplaner for å sikre at desse er i samsvar med gjeldande lovverk og tek omsyn til nasjonale og regionale interesser. Reguleringsplanar som skal gjelde føre kommuneplanen er merka tydeleg i kommuneplankartet. Byggjegrænse mot sjø er koma på plass i plankartet og føresegn og tydleggjort i gjeldane reguleringsplanar frå eldre tid som ikkje har dette med. Eldre reguleringsplanar har som ein hovudregel fått same byggjegrænse mot strandsona som avstanden som eksisterande bustadhus/hytte og dei ubebygde tomtane har i dag. Rådmannen meiner det er gjort eit godt fagleg arbeid her saman med konsulentverksemda Multiconsult AS. Rådmannen meiner og at føresegn i § 1.2.2 på ei oversiktleg måte viser kor det kan gjevast fritak frå kravet til reguleringsplan.

Rådmannen vil og få fram at føresegn § 1.6.14 styrer no at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillatt i sentera definert i kommuneplanen. Dette var eit etter rådmannen sitt syn eit fornuftig krav frå Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune peikte og på at mellomalderkyrkjegarden ved kyrkja i Austrheim er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Rådmannen vil peike på at føresegn § 4.2.6 har sikra dette kulturminnet på ein klar måte. Rådmannen synes det var eit godt plangrep at omsynsone omkring og på Monslauvatnet (drikkevatn) no er lagt inn i plankartet.

Rådmannen si vurdering er at arealplanen som ligg føre har nok utbyggingsareal for planperioden 2018-2028. Føresegnene gir og naudsynt fleksibilitet i forhold til innbyggjarane sine ynskje om å bu i grendene dei har tilknytning til. Dette og sett i forhold til merknad frå Statens vegvesen som rådmannen meiner no er løyst på ein forsvarleg måte. Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker, det er teke inn i føresegna slik vegvesenet ba om.

Rådmannen vil informera om at det er plankrav i Øksnesmarka, så før næringsområdet kan byggjast ut må dette næringsområdet gjennom ein reguleringsplanprosess. Ein slik planprosess må utgreiia ein del av tema som er teke opp i plandokumenta, men og i konsekvensutgreiinga og ROS-analyse om Øksnesmarka. Totalt vert næringsområdet her redusert frå om lag 900 dekar i dagens kommuneplan til om lag 550 dekar no. Rådmannen vil informera om at i konsekvensutgreiing og ROS analyse som er datert den 18.10.2018 står det i oppsummeringa dette på nr. 120, Øksnesmarka: *Næringsområdet er noko redusert i høve det første framlegget, det har komme inn sjøareal i tillegg. Ettersom det foreslåtte næringsområdet med hamn ligg langt inne i eit urørt område, vil ein reduksjon av næringsarealet ha lite å seie for konsekvensane. Området vert opna opp med vegtilkomst, og arealbeslaget til næring vil påverke eit større område.* Rådmannen er samd i at djupvasskai og auka skipstrafikk vil få konsekvensar for friluftsliv på sjø, konsekvensen er framleis vurdert til å vere stor i konsekvensutgreiinga. Meir trafikk på sjø og land og meir tungtrafikk vil auke risikoen for trafikkulukke/skipsulykke. Rådmannen synes det er fornuftig at Austrheim kommune har teke merknaden til Fylkesmannen i Hordaland til etterretning her og redusert næringsarealet N18 kraftig.

Rådmannen vil peika på at både Fylkesmannen, Fiskarlaget Vest, Hordaland fylkeskommune, Fiskeridirektoratet og Kystverket no er godt nøgd med planen som no ligg føre i sjøarala våre. Arealbruken i Austrheim kommune ved Jibbersholmane vart til dømes grundig handsama i samband med første og andre gongs offentleg ettersyn i kommunestyret. Det pågår reketråling, garn- og linefiske og ferdsel med ulike typar båtar her heile året. Område for Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner og farlei i Interkommunal plan for Fensfjorden gjeld her i dag, det vert

vidareført i kommuneplanen. Rådmannen synes at innspelet frå Fylkesmannen som gjeld å få på plass omsynssone for naturmiljø i sjø frå Storestonga og Grunnosen til Stussøyva var fornuftig. Sonen kjem ikkje i konflikt med nærliggande akvakulturområde og er lite i konflikt med rekefelt som overlappar med sona her. Rådmannen er samd i KU-rapporten (nr. 132) som konkluderer med at dette samla sett har positive konsekvensar for landskapet og store positive konsekvensar for naturmangfaldet.

Rådmannen vil og peika på at bustadfeltet på Vardetangen B40 vert redusert i nord og aust av omsyn til friluftslivet, biologisk mangfald og kystlandskapet. Område for bebyggelse og anlegg, BA-området nærast sjøen og mot fylkesvegen vert tilbakeført til LNF- område. Det er og viktig å informera om at snøggbåten til Bergen og til Sogn-og Fjordane stoppar på kaien her og ved dette planlagte bustadområdet. Det er og trygg skuleveg til Kaland skule herifør, etter rådmannen sin vurdering. Desse to områda er grundig KU-vurdert av Multiconsult AS (nr. 133), og etter rådmannen sitt syn er områda redusert slik Fylkesmannen i Hordaland ba om i sitt siste skriv.

Rådmannen synes og at planløysinga på Rebnor der det er planlagt for fritids- og turistformål (camping) og friområde mot sjø har funne ei løysing som kjem partane i her møte. Det er trong for ein større camping i høve satsinga på reiseliv. Området vil kunne stetta dette på ein god måte, etter rådmannen si vurdering. I KU-rapporten (nr. 134) står det i oppsummeringa mellom anna: *I revidert forslag som her er utgreidd, er strandsona sett av til friområde. Med skånsam tilrettelegging i friområdet kan strandsoneverdiane ivaretakast og gjerast meir tilgjengelege.*

Rådmannen synes planskildringa klargjer godt korleis kommuneplanen skal forståast. Endringar etter andre gongs offentleg ettersyn kjem tydeleg fram her. Det er eit mål at planskildringa er så kortfatta og presis som mogeleg. På denne måten vert planskildringa eit dokument som vert lesbart og som naturleg høyrer saman med plankartet og føresegna. På grunn av merknadane frå Fylkesmannen i Hordaland er planskildringa vorte noko meir omfattande og detaljert.

Rådmannen meiner at høyringsfristen bør vera 05.12.2018, då vert høyringsperioden i tråd med plan- og bygningslova som er minimum 6 veker. Då kan kommunestyret vedta kommuneplanen etter høyringsperioden, gjerne i desember 2018, om det ikkje kjem motsegn til denne. Det vil vera ein framdrift som rådmannen meiner vil vera realistisk og fornuftig å arbeida etter. Rådmannen vil opplyse om at dersom det kjem motsegn eller andre overraskingar på tredje gongs offentleg ettersyn så vil framdriftsplanen verta endra. Austrheim kommune kan då eventuelt ta ei motsegn til følge og vedta kommuneplanen med dei endringane som er naudsynt. Det vert som regel dialogmøte/drøftingsmøte med Fylkesmannen i Hordaland i slike tilfeller. Om naudsynt går kommuneplanen vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har det overordna ansvaret for planarbeidet. Dette er ei politisk vurdering.

Rådmannen rår til at kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 vert sendt ut på tredje gongs offentleg ettersyn slik dei oppdatert plandokumenta føreligg, dei er datert 18. oktober 2018.

Konklusjon

Austrheim kommune legg kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 ut på tredje gongs offentleg ettersyn.